
Fra: Tor Magnus Hillestad <tor@kreativside.no>
Sendt: onsdag 7. mars 2018 18.07
Til: Postmottak Lindås
Kopi: Trude Langedal; post@alverhjort.no
Emne: SØKNAD OM ENDRA AREALDISPONERING - AREAL KOMMUNEDELPLAN
KNARVIK - ALVERSUND MED ALVERSTRAUMEN - ID 1263 - 201701
Vedlegg: Næringsareal.jpg

Eigedomen gnr 137, bnr 804 er eigmद av Lihiba AS. Vi kjøpte denne eigedomen i 2016 og har ynskje om å klargjera eigedomen til utbygging.

Fargen på området er i gjeldande kommuneplan raudt med tanke på skuleutbygging i Alversundområdet.

Skulen er no planlagt realisert på nedre Alver i nærområdet til noverande skule, og truleg vil difor arealtrongen til offentlege føremål vera monaleg endra/borte i dette området vi snakkar om.

Vi tillet oss med dette å søkja omdisponering av vårt areal på gnr 137, bnr 804 til Næringsføremål, i samsvar med vedlagte kartskisse.

Som kommuneplanen synleggjer ligg det omsøkte området mellom to næringsområder. I sørøst Galteråsen og i nordvest næringsområde på Alver. I pakt med ovennemnde tenkjing har vi merka oss at kommunen sitt eigedomsselskap, Lindås Tomteselskap AS har gjort framlegg om arealomdisponering til næringsføremål på arealet sør for vårt område, på gnr 137, bnr 13. Dette byggjer opp om tankane om eit samanhengande godt planlagt næringsareal i området.

Vi peikar og på området vest for dette aktuelle arealet vårt, nemleg bnr 14. Som det går fram av topografien i området har vi vore opptekne av ei naturleg og god arrondering av arealet i dette området med tanke på ei tenleg utnytting til beste for alle.

Høgdedraget mellom bnr 804 og bnr 14 gjev eit eig godt skilje for området vidare vestover, eit område som høver svært godt til bustadføremål. Vi vil såleis understreka at vi ynskjer ei god tilrettelegging og utnytting av arealet i området og ser gjerne at det veksler mellom næring og bustader på ein god måte.

Vi har merka oss at det er underskot på sentrumsnært næringsareal, og det er underskot på tomteland til bustadføremål.

Ovannemnde arealdisponering vil gje høve til eit tenleg sentrumsnært næringsareal av noko omfang frå sørøst i Galteråsen til Alver i nordvest.

Vidare vil det ligga godt til rette for eit tenleg område for bustadbyggjing vestafør, ei balansert og godt planlagt arealutnytting.

Alversund 07.03.2018

Lihiba AS,

Lars Øyvind Hillestad

Styreleiar.